

Detaljregulering for Silde-Kambe – planendring Endring etter forenkla prosess

Sist rev.: 23.12.2024

PlanID: R-4 Silde-Kambe-01

Utarbeidd av: Eining Utvikling v/KBE og EPS

Planomtale



Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Bakgrunn	3
2.1 Heimelshavarar i planområdet.....	3
2.2 Overordna planar	4
2.3 Gjeldande reguleringsplan	5
2.4 Planprosessen.....	5
3 Verknadar av planendringa	8
4 Vurdering etter naturmangfaldslova.....	8
Vurdering knytt til risiko og sårbarheit (ROS-analyse)	9



Samandrag

Det er føreslått ei endring av gjeldande planar frå 1973 i område Silde-Kambe for å få på plass ein samanhengande infrastruktur for mjuke trafikantar. Det er føreslått ei forlenging av eksisterande fortau på venstre side på 120 meter, før ein går over til høgre side ved leikeplassen på Kambe. Her vert det 35 meter til med fortau mot eksisterande barnetråkk (sti) gjennom leikeplassen. Når ein er gjennom leikeplassen, er det på nytt føreslått eit fortau som koplar på gjeldande reguleringsplan frå 2016. Denne skal sikre vidare gangveg via postvegen oppover i feltet. Fortauet er regulert 3 meter inkl. kantstein og skulder.

Bakgrunn

FAU ved Enge skule sende i mai 2024 ei bekymringsmelding på vegne av innspel frå foreldre. Dei var bekymra for trafikktryggleiken i området, då det manglar fortau i overgangen mellom Silde og Kambe byggefelt i Etne, like før leikeplassen på Kambe. Velforeininga for leikeplassen melder i følgje FAU om same problematikk. FAU antar at det er ca. 65 barn i alderen 0-16 år, som har, eller i framtida vil få dette som sin skuleveg. Skuleelevane både sykklar, brukar elektriske sparkesyklar og går. Etne kommune v/eining Utvikling spela dette vidare, og viste til korleis tiltaket med forlenging av fortauet er høgt prioritert i gjeldande trafikksekringsplan 2019-2029, men har aldri vore ein del av budsjettet. Fortauet vart difor spela inn i investeringsbudsjettet for 2026, der innspelet med fortau vart vedteke 10. desember i år med 3 millionar kroner. Det er samtidig arbeidd med å få statlege tilskot for bygging av fortauet, og det føreligg ein søknad om dette hjå fylkeskommunen no.

Bygging av fortauet har trong for ei endring av gjeldande reguleringsplanar frå 1973, som også manglar fortau på strekninga(ne).

Føremålet med endringa


Føremålet med planendringa er å leggje til rette for ei forlenging av eksisterande fortau langs Sillavegen opp mot Kambe bustadfelt. Endringa gjeld kun plankartet, og det vil ikkje vere naudsynt å justere føresegnene. Delområdet som vert endra erstattar gjeldande planar i området, og har planID: R-4 Silde-Kambe -01.

Heimelshavarar i planområdet


Sjølve fortauet ligg på Etne kommune sin eigedom, noko av sidearealet somme stader vil gå ut over naboeigedomar. Det gjeld ein mur like før overgangen frå venstre til høgre side, og ein skråning etter passering av leikeplassen. Dette er markert med raud tekst i tabellen under, og utsnitt nedst.

Gnr./bnr.:	Grunneigarar
33/1	Tore Aga Silde (sidearealet til fortauet (mur) kan råke noko av eigedomen, eigedomsgrenser usikre).
33/87	Astrid Synnøve Førund
33/68 33/107 34/2	Etne kommune
33/113	Rannveig Solheim Karl Arnold Solheim
33/73	Serine Eikemo Grønstad Andre Grønstad
33/74	Hilde Lien Sveinung Lien
33/72	Åmund Idar Moe

34/4	Egil Kambo (noko sideareal (skråning) kan råke egedomen, avhengig av skråningsvinkel).
34/31	Jørgen Hopland
34/17	Erling Bjarte Rullestad



Figur 1 Utsnitt med eigedomsgrenser i raudt, der fortau m/sideareal går inn over 33/1.



Figur 2 Utsnitt med eigedomsgrenser i raudt, der fortau m/sideareal går inn over 34/4).

Overordna planar

I nyleg vedteken kommuneplan ligg planområdet med at reguleringsplan skal vidareførast i generalisert utgåve. Dette betyr at ny KPA supplerer reguleringsplanen der reguleringsplanen har manglar og gjeld over reguleringsplanen ved motstrid.

I trafiksikringsplan for Etne kommune 2019 - 2029 ligg g/s-veg for denne strekninga inne som prioritert tiltak.

Planområdet ligg innanfor område for Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA), jamført retningslinjer for forvaltning av området, vil ikkje området ha konsekvens for gjennomføring av tiltaket.


Ny KPA for Etne kommune er nyleg vedtatt (10.12.2024), men vegareal er ikkje teikna inn på dette plannivået. I føresegnene til arealføremålet 3.2 *Bustad* står følgjande:

4. *Tilkomstvegar i bustadområde skal vera trafikksikre. Vegar skal dimensjonerast og har fartsgrense i samsvar med Statens vegvesen sine normalar. Framkomst for mjuke trafikantar skal vere ivareteke (jf. PBL § 11-9 nr. 3).*

Gjeldande reguleringsplan

Planområdet strekkjer seg over to reguleringsplanar frå 1973, og grensar til ein tredje frå 2016. Arealet som skal nyttast til fortau er i dag regulert til *LNF-føremål*.

PlanID	Plannamn	Vedtatt	Vist som:
R-5	Enge/silde	25.10.1973	1.
R-4	Silde/Kambe	24.10.1973	2.
201501	Detaljregulering for Kambe endring	20.09.2016	3.



Figur 3 Utsnitt med gjeldande reguleringsplanar i området. Kjelde: kommunekart.com

Breidda på fortauet er 2 – 2,5 m.

Planprosessen

Ved endring av reguleringsplanar er det plan- og bygningslovas § 12-14 som gjeld. Det er ikkje krav til varsel om oppstart av planarbeid ved utarbeiding av endringar etter forenkla prosess. Planforslaget vert sendt ut på høyring som del av varslinga om planarbeid.

For at ein reguleringsendring skal kunne godkjennast etter ein enklare prosess, må endringa minimum oppfylle følgjande kriterium:

- Endringa vil i lita grad påverke gjennomføringa av planen.
- Endringa går ikkje ut over hovuddrammene i planen.
- Endringa råker ikkje ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

I tillegg til desse tre kriteria skal endringa også:

- Vere i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.
- Ikkje vere i strid med vedtak fatta av anna mynde.
- Vere tilstrekkeleg gjort greie for.
- Vere kunngjort på ein forsvarleg måte.

Det er fleire punkt som tilseier at endringa kan handsamast som forenkla prosess:

- Endringa vil ikkje råke ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Det er stort sett sideareal til eksisterande veg som vert råka.

Skildring av reguleringsplanendringa

Det er foreslått ei planendring som også tek med seg hovudvegen mellom byggefelta Silde og Kambe. Grunnlaget for det, er å knyte planane saman til ein saumlaus plan, og for å rette opp vegkurvaturen til der vegen faktisk er bygd (det var noko ulikskap mellom planlagt veg/digitalisert veg i plan frå 1973 og faktisk bygd veg gjennom svingane ved leikeplassen). Som resultat har ein i planlegginga også sett at noko av vegen kan utvidast noko gjennom svingen, inntil 80 cm. Det er vurdert som fornuftig å ta slik utviding med ved anlegging av fortau og tilhøyrande kantstein.

Pelnummer (meter frå start senterline veg til slutt)		Kommentar
Frå	Til	
0	25	Venstre side: Eksisterande fortau mot trønderblokkmur, utan grøft. Høgre side: Eksisterande veg med skråning mot terreng.
25	140	Venstre side: Nytt fortau mot trønderblokkmur, utan grøft. Noko utviding vegbane. Høgre side: Eksisterande veg med skråning mot terreng.
135	170	Høgre side: Nytt fortau mot snarveg gjennom leikeplassen. Tilpassing til eksisterande terreng (flate/parkeringsplass).
140	Slutt	Venstre side: Breidd vegbane tilpasses eksisterande veg. Eksisterande sideareal.
265	Slutt	Høgre side: Nytt fortau med fylling (1:1,5). Fortau tilpasses eksisterande vegkant.
Slutt		Planlagt veg og nytt fortau vert tilpassa gjeldande ny plan for Kambe mot aust.



Figur 4 Planlagt vegstrekning med fortau saman med ortofoto.



Figur 5 Planlagt vegstrekning med fortau saman med gjeldande planar.



Figur 6 Planlagt vegstrekning med fortau saman med ortofoto, der flatefyll er tatt bort, og føremålsgrenser syner med raud strek.

Verknadar av planendringa

På austsida av den kommunale vegen ligg bekkedal for Sillabekken, som går i kulvert i område der fortauet vil bli lagt. Av omsyn til vassdraget er det føreslått ei kryssing av fortauet på eksisterande kulvert der vassdraget renn forbi. Her er området frå før flatt.


Det er dyrka mark på vestsida av planområdet. Ved å krysse fortauet til høgre sida, vil ein unngå fulldyrka jord der dette går heilt inn til vegkanten vest for leikeplassen.

Fortauet vil på høgresida (austsida) gå forbi eit planert område nytta som parkeringsplass. Vidare prosjektering vil sikre nedfelt kantstein for vidare bruk av parkeringsplassen. Det er stort sett kommunal eigedom som vert nytta for utviding av vegen med fortau, og tiltaket vil i seg sjølv vere eit svært viktig grep for å sikre trafikktryggleiken i området, og trygg skuleveg.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova (NML) sitt føremål er å ta vare på naturen sitt biologiske, landskapslege og geologiske mangfald og økologiske prosessar gjennom berekraftig bruk og vern. Planområdet er sjekka ut mot Miljødirektoratet sin naturdatabase, og det er ikkje gjort funn av særskilde eller verneverdige arter. Unnataket er funn av ask, men dette er eit vanleg treslag i Etne kommune.

Området vart i 2023 kartlagt av omsyn til mogeleg kvikkleire. I kartleggingsarbeidet vart stort sett fjell i dagen observert, saman med geologisk vurdering og geoteknisk kontroll, fastsett område med potensiale for slik risiko.



Figur 7 Kartlagt område av omsyn til kvikkleireskred. Raud pil markerer start fortau.

Planendringa ligg like i grensa for aktsemdområde H1. Dette er område der SGC vurderer at sannsynet for kvikkleire er lav, men dokumentasjon av grunntilhøva utgjer en usikkerheit. Grunntilhøve vil bli nærare sjekka ut og tatt omsyn til i samband med oppføring av mur. Breidda på fortauet er regulert 3 meter inkl. kantstein og skulder.

Det er ingen registrerte kulturminne i planområdet. I randsona til planområdet ligg postvegen Etne – Skånevik som ligg inne i kulturmiljøplanen for Etne kommune frå 2022. Denne ligg også som omsynssone i ny arealdel for Etne kommune.

Vurdering knytt til risiko og sårbarheit (ROS-analyse)

I dette kapittelet finn ein ei forenkla framstilling av ROS-analyse for planendringa, då gjeldande plan frå 1973 manglar slik utgreiing. ROS-analysen er utarbeida i samsvar med rettleiaren «Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging» gitt ut av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap og Etne kommune sin eigen heilskaplege ROS. Analysen er utarbeidd av planfagleg kyndig.

DSB sin rettleiar deler ROS-analysen inn i fem trinn:

1. Skildre planområdet
2. Identifisere moglege uønskja hendingar
3. Vurdere risiko og sårbarheit
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumentere analysen og korleis den påverkar planforslaget.

Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:	Aktuelt?		Kommentar
	Ja	Nei	
Samferdselsulykke på veg (buss)		x	
Brann, eksplosjon utslepp industri på land		x	
Utslepp frå skip/plattform		x	Ikkje aktuelt.
Hending utanfor kommunen		x	Ikkje aktuelt.
Atomnedfall		x	Ikkje aktuelt.
Brann i offentleg bygning (skule dagtid)		x	Ikkje aktuelt.
Brann i institusjon (sjukeheim/omsorgsbustad)		x	Ikkje aktuelt.
Brann i kulturhistorisk bygningar - miljø		x	Ikkje aktuelt
Passasjerskip-/båtulukke		x	Ikkje aktuelt
Transportulykke med farleg gods		x	
Trafikkulukke / brann i tunnel	x		Føremålet med planen er å sikre trafikktryggleiken. Vert ikkje vurdert vidare.
Skog og lyngbrann		x	Ikkje aktuelt.
Straumbrot		x	Ikkje aktuelt
Bortfall av drikkevasskjelde		x	Ikkje aktuelt.
Manglande mobil/nettdekning i kommunen		x	Ikkje aktuelt.
Pandemisk influensa		x	Ikkje aktuelt.
Utbrot alvorleg dyresjukdom		x	Ikkje aktuelt.
Storm/orkan		x	Ikkje aktuelt.
Ras og skred i bustadområde	x		Planendringa ligg like i grensa for aktsemdområde H1.
Flaum i vassdrag	x		Det går eit vassdrag forbi område, i kulvert. Fortauet vil ligge oppå kulverten, og temaet vert ikkje vurdert vidare.
Bortfall svikt legeteneste – vakt		x	Ikkje aktuelt.
Dambrot		x	Ikkje aktuelt.
IKT – hacking og/eller cyberangrep		x	Ikkje aktuelt.
Gissel/valdssituasjon i skule eller barnehage		x	Ikkje aktuelt.
Skarp hending (skule, forsamlingslokale, arrangement)		x	Ikkje aktuelt.

Konklusjon frå den forenkla ROS-analysen

Tiltaket med å få på plass eit fortau er eit svært viktig tiltak for å sikre trafikktryggleiken på ein skuleveg med høg del born og unge. Det er gjort tiltak for å hindre nedbygging av fulldyrka jord, og for å sikre gjennomføring av tiltaket på kommunal eigedom. Kryssing av fortauet er føreslått i eit område som frå

før er planert ut, og oppå eksisterande kulvert. Planendringa ligg like i grensa for aktsemdområde H1. Grunntilhøve vil bli nærare sjekka ut og tatt omsyn til i samband med oppføring av mur.

Vurdering av endringa som forenkla prosess

Plan- og bygningslova §12-14 gir mogelegheit til å endre ein gjeldande reguleringsplan når «(...) endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder»

I vurderinga av om endringa kan gjennomførast som ei endring etter forenkla prosess jamført plan- og bygningslova §12-14, 2. ledd, er følgjande moment lagt til grunn:

Hovuddrammene i planen: Endringa inneber ei justering av vegtraséen jamført bygd veg, med fortau som skal sikre trygg skuleveg i eit område med mange born og unge. Dette er i tråd med føresegnene til arealføremålet 3.2 Bustad i nyleg vedteken kommuneplan.

Gjennomføring av planen: Fortauet vil styrke planen for øvrig, og planane som grensar til endringa. Det vert no planlagt for over 10 nye einingar like aust for føreslått endring, og nytt fortau vil vere naudsynt for å sikre trygg skuleveg også for desse.

Hensyn til natur- og friluftsområde: Endringa vil ikkje medføre inngrep i eller påverknad på viktige natur- eller friluftsområde.

Konklusjon

Det planlagde tiltaket skal sikre trygg skuleveg og tryggleik elles for mjuke trafikantar i eit område med mykje bustadutbygging. Tiltaket er ikkje i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, og vert handsama som ei endring etter forenkla prosess i samsvar med plan- og bygningslova §12-14 andre ledd.

I samsvar med plan- og bygningslova §12-14 tredje ledd skal forslag til endring kunngjerast hjå berørt mynde, samt eigarar og festarar som vert direkte berørt av endringa. Samtidig skal også andre berørte ha anledning til å uttale seg før ein treff vedtak. Forslaget vert difor lagt på nettsidene til kommunen.

Forslag til endring skal etter at fristen er ute leggjast fram for Hovudutvalet til kommunen.

